



Fylkesmannen i Hordaland  
Pb.7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar: Robøle, Anne Grete  
Vår: 17/2347 - 18/1908

Saksbehandlar:

Dag Jørgen Dybwad Brochmann  
DagJorgen.Dybwad.Brochmann@lindas.kommu  
ne.no

Dato:

19.01.2018

## Svar etter tilsyn ved Nordhordland legevakt

Viser til rapport fra tilsyn datert 14.12.2017. Frist for tilbakemelding med plan for retting av avvik 1 og 3 er satt til 01.02.18. Frist for sending av avvik 2. 20.02.18.

**Avvik 1: Lindås kommune sikrar ikkje at alt personalet i legevaktordninga har nødvendig kompetanse. Lindås kommune har ikkje lagt til rette for regelmessig samtrening og øvingar**

- Dato for iverksetting: 01.05.18, dersom ikkje anna står oppført.
- Evaluering av tiltak: 01.11.18.

**Vi fekk opplyst at rettleiing av nytilsette sjukepleiar og vikarar blir gitt av forskjellige sjukepleiarar. Det bli ikkje gjort ein systematisk utsjekk av at gjennomført opplæring er tilstrekkeleg.**

- Tiltak
  - Fagsjukepleiarane har hovedansvar for opplæringa.
  - Opplæringsplan for sjukepleiarar forelegg. På denne vil det også komme signeringsfelt. Den som blir opplært signerer at han/ho har lært seg den aktuelle prosedyren. Videre signerer også den sjukepleiaren som har gitt opplæringa.
  - Opplæringsplanen vil til ei kvar tid være oppdatert.

**Det er ikkje etablert praksis for at fast tilsette gjennomgår årleg utsjekk av bruk av utstyr. Vi fekk opplyst at kunnskapen om bruk av utstyr varierer, til dømes bruk av infusjonspumpe, C-pap, sug og corpus.**

- Tiltak
  - Utsjekklistar. Det vil bli innført årlig obligatorisk utsjekk av alle ansatte.

**Alle vikarar på legevaktsentralen har ikkje helsefagleg utdanning på bachelornivå og nødvendig klinisk praksis og tilleggsopplæring.**

- Tiltak

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



- Nordhordland legevakt har brukt medisinstudenter ferdig med 4. studieår i legevaktsentral, slik som avviket referer til. For å kunne betjene legevaktsentral har dei i forkant hatt minst 10 sjølvstendige vakter på legevakta.

**Vi fekk opplyst at det varierer i kva grad beslutningsstøtteverktøy blir brukte for fastsetting av hastegrad og avgjerd om tiltak. Stikkprøver i AMIS understøttar opplysninger i intervju og viser at det ikke alltid blir gjort ei systematisk utspørjing av innringer jf Norsk medisinsk indeks.**

- Tiltak
  - Opplæring og årlig utsjekk i bruk av norsk medisinsk indeks
  - Stikkprøver av lydlogg og AMIS notat.

**Det blir ikkje sjekka ut/kontrollert om nyttilsette legar har gjennomgått og fått nødvendig opplæring**

- Iverksetting 01.01.18.
- Tiltak
  - Opplæringsplan forelegg. Denne suppleres med signaturfelt for hvert punkt, og den nyansatte legen signerer på at han/ho er blitt gitt opplæring. Videre signerer den som har gitt opplæringa

**Ved tilsynet blei det ikke lagt fram plan for vedlikehald eller oppdatering av kompetanse hos legar og sjukepleiarar i legevaktsordninga**

- Tiltak
  - Årlig utsjekk av både legar og sjukepleiarar jmf. opplæringsplan.

**Med unntak av opplæring i bruk av naudnett for legar og sjukepleiarar og årleg fagdag/AHLR sertifisering av sjukepleiarar er det ikkje regelmessig organisert undervisnings/opplæringstil bud**

- Tiltak
  - Fagdagar blir lagt inn i årsturnus. 01.05.18.
  - Videreføre undervisning på personalmøte hver 6. uke.

**Det er ikkje tydeleg formidla til alle vaktlegar om og korleis lege 2 (bakvakt) blir informert om at lege 1 (primærvakt/vaktlege) rykkjer ut og om lege 2 er i talegruppe med primærvakt under utrykning.**

- Tiltak
  - Oppdatere arbeidsbeskrivelse vedr. lege 1 og lege 2.
  - Sjå vedlegg.

**Det er ikkje klart for alle legane kva tid fastlege i Lindås skal rykkje ut (på dagtid) og korleis denne skal varslast, sjå kapittel 2 om daglegevaktordninga i kommunen.**

- NHLV er den einaste ordninga for daglegevakt i Lindås kommune jmf. akuttmedisinforskriften. Dette vil formidles på nytt via mail og på legemøter.
- Fastlegane i Lindås kommune har ingen utrykningsplikt, men tilbyr øyeblikkelig hjelp for eigne listepasientar jmf. fastlegeforskriften og gir helsehjelp når det må antas å være påtrengande nødvendig etter helsepersonelloven §7.

**Det er ikkje gitt opplæring i bruk av kjernejournal ved legevakta.**

- Tiltak
  - Opplæring vart gitt 19.12.17.

**Det er ikke lagt til rette for at det blir gjennomført regelmessig samtrenting og øvingar der sjukepleiarar og legevaktslegar og andre relevante samarbeidspartnarar øver på handtering av akuttmedisinske hendingar.**

- Tiltak
  - Eigne fagdagar med sjukepleiarar/legar/ambulanse
- Dato for iverksetting: 01.10.2018.
- Evaluering 01.05.2019.

**Avvik 2: Lindås kommune sikrar ikkje at det alltid er lege i bakvakt som kan rykkje ut umiddelbart når det er nødvendig.**

- Tiltak
  - Dersom lege-1 ikkje er vaktkompetent er overlege ved NHLV bakvakt med utrykningsmulighet kvardagar kl. 0800-1600.
  - Lege-2 har bakvakt med utrykningsmulighet mellom kl. 1600-1700, dersom lege-1 ikke er vaktkompetent.
  - Helg og høgtid: Lege 2 er bakvakt, og med utrykningsmulighet 08-11, dersom lege 1 ikkje er vaktkompetent.
- Iverksettingsdato: 01.05.2018.

**Avvik 3 Rutinane for dokumentasjon av pasientopplysningar ved Nordhordland legevakt er mangelfulle og inneber for høg risiko for svikt i pasientbehandlinga.**

- Dato for iverksetting: 01.05.18 på underpunkter dersom anna er nevnt.
- Evaluering av iverksetting: 01.11.2018.

**Pasientopplysningar er registrete i to journalsystemt. Det er ikkje lagt til rette for at vaktlege enkelt har tilgang til alle registrete pasienteopplysningar.**

- Tiltak
  - AMIS notat vil automatisk bli overført til infodoc journal.

**Ved stikkprøve i pasientjournalar til pasientar med alvorleg infeksjon fann vi saker der det ved innringing var registrert opplysningar som lege mest sannsynleg ville handla raskare på dersom ho/han hadde fått kjennskap til opplysningane pasienten gav.**

- Tiltak
  - AMIS notat vil automatisk bli overført til infodoc journal.

**Ved tilsynet blei det ikkje lagt fram skriftlege rutinar for kva personalet på legevaktsentral skal dokumentere og i kva system. Ved stikkprøver i AMIS var det stor variasjon i kva som var dokumentert**

**frå samtaler med innringer. Opplysningar i intervju om at sjukepleiar unntakvis dokumenterer i journalsystemet som vaktlege brukar, samsvarer med funn ved stikkprøver i journaler.**

- Tiltak
  - AMIS notat vil automatisk bli overført til infodoc journal.
  - Det vil utarbeides rutiner på kva som skal dokumenteres i journal.

**Vi fekk opplyst at det ikkje er klare rutinar for kven som skal dokumentere målingar som sjukepleiar gjer på legevakta. Videre blei det opplyst at det ikkje er klare rutinar for kva tid legevakt skal sende epikrise til fastlege. Variasjon i praksis blei skildra i intervju og gjekk fram ved stikkprøver i pasientjournaler.**

- Tiltak
  - Ved innføring av triageringsverktøyet SATS 14.12.17 føres målingar inn av sjukepleiar som har tatt målingane.
  - Oppdatering av infodoc 12.01.18 gjer at alle journalnotat automatisk blir sendt til fastlege. Vaktlege kan hake av dersom han/ho ikkje ønsker at notatet skal bli sendt.

**Ved tilsynet blei det ikkje gjort greie for korleis leiinga følgjer med på praksis ved legevakta**

- **Lindås kommune har eit heilskapeleg styringssystem som vil bli implementert ved NHLV innen 01.05.18.**

Med helsing

Ørjan Raknes Forthun  
rådmann

Dag Jørgen Dybwad Brochmann  
legevaktsjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Vedlegg tilsyn

**Kopi til:**

Terese Folgerø - kommuneoverlege  
Ørjan Raknes Forthun - rådmann

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Pb.7310

5020

BERGEN